

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:**       **Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen**  
**Møtested:**     , E-post  
**Dato:**         11.07.2013  
**Tidspunkt:**

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. xxxx. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS	Reinheimen nasjonalpark - dispensasjon - transport av mønsås frå Finndalen til Ryggjehøbue i Reinheimen nasjonalpark - bruk av helikopter		2013/4617



Arkivsaksnr: 2013/4617-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 11.07.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		11.07.2013

## Reinheimen nasjonalpark - dispensasjon - transport av mønsås frå Finndalen til Ryggjehøbue i Reinheimen nasjonalpark - bruk av helikopter

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b), og verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 b) blir det gjeve løyve til bruk av helikopter for transport av ein mønsås frå dalbotnen i Finndalen landskapsvernområde til Ryggjehøbue i Reinheimen nasjonalpark.

#### Vilkår:

1. Løyvet blir administrert av nasjonalparkforvaltaren for Reinheimen.
2. Løyvet gjeld for ein tur, ein av yrkdagane i veke 29, 2013.
3. Villreinutvalet skal kontaktast med tanke på å ta omsyn til villreinen.
4. Ved flyginga skal ein ta omsyn til villrein og folk som ferdast i området.

### Saksopplysningar

Gjennom bestillingsdialogen har Nasjonalparkstyret for Reinheimen fått middel til å stelle Ryggjehøbue nord for Råkåvatnet i Finndalen statsallmenning. I samband med dette er det behov for å få frakta innover ein ca 6 m lang mønsås. Vi har forsøkt å tinge hestetransport, men ikkje lukkast med det.

Nasjonalparkforvaltninga vurderer derfor å nytte helikopter, og søker derfor om løyve etter verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b), (jf. verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 b)):

«Bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte traséar eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt.»

Søknaden gjeld start/landing med helikopter frå dalbotnen i Finndalen og til Ryggjehøbue (sjå kartutsnitt nedanfor).

Ryggjehøbue ligg ved følgjande UTM-koordinatar:

Lokal UTM sone / Euref89

Sonebelte:	32V
Øst:	0477252.59
Nord:	6871052.21

Kartutsnitt:



Søknaden gjeld for ein tur, og flyginga vil skje ein av yrkdagane i veke 29.

Det vil i tillegg bli innhenta løyve frå Lom kommune etter lov om motorferdsel i utmark.

## **Vurdering**

Søknaden gjeld bruk av helikopter for transport av material til Ryggjehøbue i Reinheimen nasjonalpark. Søknaden må behandlast etter verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b), og verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 b).

Transporten gjeld eit akseptert nytteføremål, og tilknytning til skjøtselsoppgåver i Reinheimen nasjonalpark. Nasjonalparkforvaltinga kan gje seg sjølv løyve til slike føremål.

Miljørettsprinsippa naturmangfaldlova §8-12 .

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskap om området er utgreidd i m.a. verneplan for Reinheimen og ulike villreinrapportar. Skjøtselstiltaket er basert på eit fagnotat frå bygningsrådgjevar Håvard Syse, Gudbrandsdalsmusea.

§9 Økosystemtilnærming

Det er kjend at villreinen ofte nyttar området på Rååkflye som trekkveg og sommarbeite. Ein må derfor ta omsyn til villrein i området ved flyginga.

§ 10 Samla belastning

Årleg er det få eller helst ingen landingar med helikopter i området. Utanom jakttida er det lite ferdsel.

§ 11 Kostnader

Ikkje relevant.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar

Det er forsøkt ordna med hestetransport, men dettehar ikkje lukkast. Bruk av helikopter gjev støy, men er likevel miljøvenleg med tanke på effektiv tidsbruk og at det blir set spor på bakken.

## **Konklusjon**

Det bør gjevast løyve til transporten.